

Fra: Trygve Jacobsen

Sendt: søndag 8. januar 2017 19:25

Til: Tore Eriksen <Tore.Eriksen@sfj.no>; Tor-Einar Holvik Skinlo <Tor-Einar.Holvik.Skinlo@sfj.no>; Liv Horvei <Liv.Horvei@sfj.no>; Aleksander Øren Heen <Aleksander.Heen@sfj.no>

Emne: Ad. Pelsdyr

God ettermiddag !

Det vert synt til E-post av i dag og kan på bakgrunn av denne gje følgjande tilbakemelding:

Historikk/bakgrunn:

Tidlegare Mo Jordbrukskule var den første av jordbrukskulane i landet som starta opp med eiga pelsdyrgard så tidleg som i 1934/35, og har hatt denne praktiske øvingsstaden for dette husdyrslaget fram til no. Utgangspunktet har heile tida vore at det har hatt eit stort omfang i Sogn og Fjordane og mange av elevane som gjekk på skulen tidlegare har hatt pelsdyr som eiga produksjon på garden eller som tilleggsproduksjon til annan husdyrproduksjon. Skulen hadde i mange år både rev og mink, til ein for ca. 10 år sidan spesialiserte seg berre på rev. Samstundes har det sidan denne tid vore ein sterkt endring i haldninga til pelsdyrproduksjonen om at den ikkje er etisk forsvarleg. Mattilsynet har i takt med dei endra haldningane til dyrevelferd stramma inn regelverket der skulen har sjølv sagt måtte tilpasse seg dette, og har vore underlagt dei same strenge kontrollane og rapporteringsplikt som er eit krav til alle pelsdyrprodusentar.

Som offentleg institusjon har Mo og Øyrane vg.skule hatt ein sterkt merksemd frå dyrevernorganisasjonane på skulen si pelsdyrgard m.o.t. dyrevelferd. Samstundes har skulen ved fleire høve har hatt ikkje ønska besøk i pelsdyrgarden på sein kveld/nattestid av dyrevernalar. Skulen måtte derfor i samsvar med Norges pelsdyralslag sine retningsliner, lukke pelsdyrgarden for uvekommande, slik endra regelverk krev. I tillegg har skulen for nokre år sidan også blitt meldt til politiet, saman med fem andre pelsdyropprdettarar, av dyrevernorganisasjonar, for brot på dyrevelferden. Kontroll frå Mattilsynet synte at dette ikkje var tilfelle når det galdt Mo og Øyrane vg.skule.

Sidan 2006 då skulen fekk nye reveskur i samband med bygging av ny husdyrbygning, var ein den gongen inne i ein vurdering om ein skulle fortsatt ha ein eiga pelsdyrgard i samband med undervisninga for dette dyreslaget. Bakrunnen for vurderinga var at tal pelsdyrprodusentar i fylket var gått sterkt tilbake, og elevane syntte motvilje og lita interesse for denne produksjonen særleg med fokus på dyrevelferd. Likevel vurderte skulen det slik at det fortsatt var riktig å ha pelsdyrgarden, då næringa enno hadde eit visst omfang i fylket. Sidan 2011 har skulen måtte tilpasse seg tre store endringar i innskjerping av nye krav i forskrifter for hold av pelsdyrhald, for å ytterlegare betre dyrevelferden. Dette har medført store kostnader til investeringar i ein lita undervisningsbesetning på vel 40 revetisper. Frå dette tidspunktet og fram til no har tal pelsdyrprodusentar i fylket falt dramatisk, og det er i dag under 20 produsentar igjen.

Mo og Øyrane vg.skule har også følgt nøyne med på den politiske diskusjonen rundt pelsdyrproduksjonen i Noreg, og har derfor løpande måtte vurdere kva ein skulle gjere dersom det ytterlegare kom sterke innstrammingar i regelverket for denne produksjonen. Då Stortingsmelding nr. 8 (2016-2017) vart lagt fram den 28.11.d.å., vart det her varsle svært store innstrammingar i gjeldande regelverk for fortsatt pelsdyrproduksjon i Noreg for ytterlegare å forbetere dyrevelferda til rev og mink. Desse innstrammingane i regelverket ville medføre svært store kostnader for skulen, og ikkje økonomisk forsvarleg å gjennomføre for ein så lita besetning som skulen har hatt.

Ass.rekto
r, som har ansvaret for skuledrifta på Mo og Øyrane vg.skule, Mo, tok i perioden 07.11.d.å. til

17.11.d.å. spørsmålet opp med rektor, faglærarane i husdyrbruk, driftsleiar i husdyrbruket, fylkesdirektør for opplæring og fylkesbyggesjef, kva Stortingsmeldinga varsla om sterke endringar i regelverket for pelsdyrproduksjonen, og dei økonomiske konsekvensane dette ville ha for skulen når ein for fjerde gong skulle tilpasse seg nye krav til fortsatt pelsdyrhald. Det vart gjeve uttrykk for full støtte til dei vurderingane skulen no gjorde. Inntektene frå skinnproduksjonen ville ikkje under nokon omstende forsvare dei investeringskostnadene som ein måtte gjere, for fortsatt å ha eiga pelsdyrgard. Ut i frå ein samla vurdering fant derfor skulen det derfor riktig no å pelse ut produksjonen i veke 49/50 d.å. som er normal pelsingstid på Mo.

Mo og Øyrane vg.skule vil sjølvsgåt fortsatt undervise i pelsdyrproduksjon, slik fagplanene i Naturbruk er lagt opp sjølv om skulen ikkje har eiga pelsdyrgard, og er fullstendig klar over at pelsdyrproduksjonen også er ein viktig produksjon for nokre distrikt framleis, men av nemnde årsaker er blitt så marginal samla sett, at store investeringar ikkje står i høve til dei inntekter som kan forventast.

Med helsing

Trygve Jacobsen
Ass.rektor